

Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalet,  
Kvernhusmyrane 20,  
5914 ISDALSTØ

## MERKNAD TIL AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN

### GBNR. 215/31 EIDSNES Nøstbakken – Innspel om utvida område for båthamn

Det er eit mål for planarbeidet å gje befolkninga eit betre tilbod av småbåthamner og naustområde. Det er stor etterspurnad etter båtplassar i kommunen, og det er eit ynskje at både hyttefolk og fastbuande får betre tilgang til sjøen.

Ved førre rullering av arealdelen var kommunen positiv til tiltak på Eidsnes, og inkluderte deler av ei lita vika på Eidsnes som båthamn. Vika ligg lunt og fint til for båt/brygge, og det var både ryddig og flott at dette området vert innlemma i planarbeidet.

Eg og fleire med meg ynskjer at det regulerte området for båthamn vert utvida med 50-100 meter sørover. Like utanfor det regulerte området er det utskiftingsrett/båtfesterett for alle hovedbruka på Ytre-Eidsnes (Merka stor raud ring). På vegne av desse ynskjer eg at det vert regulert for landgang og ei felles flytebryggje.

Alternativt måtte alle i heile bukta samarbeide om felles bryggje innerst i vika, men dette vurderer eg og fleire som lite hensiktsmessig og uoverkommeleg grunna fleire forhold;

- Regulert området er for smalt og lite til eit større bryggjeanlegg. Det er bla skjær og grunne i denne vika som ikkje kjem fram på kartet, og dette talar ikkje for eit større kaianlegg innerst i vika.
- På området me no ynskjer regulert inn ei bryggje eksisterer det allereie vegrett. Dette bør utnyttast heller enn auka belastninga rett frå fylkesvegen som i stor grad er tilfellet med den regulerte området lenger inne i vika.
- Utskiftingsprotokoll datert 28/5-1890 (vedlegg) bekreftar at båtfeste (raud ring) har vore til felles bruk og nytte gjennom «alle tider», og dette etablerte samarbeidet fungerer fortsatt. At det også kan dokumenterast felles vegrett og tilgang til båtfeste/sjøen bidrar til at denne etablerte staden bør innlemmast i planarbeidet til likeins med området som kom inn ved sist regulering.
- Vika har høg måloppnåing som eigna stad for formålet, og forslaget om utvida området for bryggje er ikkje konfliktfylt.

Slik det er regulert i dag → Bør også inkludere område med blå ring.



Fig 1



Fig 2

Konklusjon frå Lindås Kommune ved førre handsaming av arealdelen der området merka blått (fig 1) vart inkludert:

*"Tiltaket har høg måloppnåing og vil dekkja behovet for båt plasser for eit stort omland. Det er stort behov for større småbåthamner i regionen. Området er ikkje i konflikt med bustadinteresser eller allmenne interesser i strandsona. Konsekvensa vert difor vurdert for å vera akseptable."*

Detaljert vurdering:				
Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Osterfjorden). Området er ei lita vik som ligg skjerna for innsyn frå fjorden og landskapsverknaden av tiltaket vert berre lokal. Området er før sterkt prega av vegfylling.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje aktuelt for friluftsliv frå landsida eller for landhogg med båt. Tiltaket vil i mindre grad føra til privatisering av området.
Naturmangfald	Middels – høg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg innafor omsynssone naturmiljø oN114, som er unge- og rasteområde for andefuglar. Det er i Artskart registrert fleire sårbare og nær truga fugleartar i området. Anlegget er lite og vil i ubetydeleg grad påverka området sin verdi for fuglelivet.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje i bruk til landbruk.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for befolkninga si helse.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Noko risiko knytt til avkøyrsla til parkeringa. Havnivåauke vil i svært liten grad påverka tiltaket. Sistnemnde vert teke omsyn til gjennom føresegnene til planen. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke, trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utslappa av klimagassar noko.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaka vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
<b>Samla vurdering</b>			<b>Ubetydeleg</b>	Alle vurderingstema vil medføra ubetydeleg konsekvens.
<b>Konklusjon</b>				Tiltaket har høg måloppnåing og det er svært få båt plassar tilgjengeleg i dette området, samstundes som samla konsekvens er ubetydeleg.

Håpar kommunen ser positivt på dette prosjektet om ei felles bryggje for dei fleste hovudbruka på ytre-Eidsnes. Eg ynskjer at Lindås kommune kan utvida regulert området med nokre meter mot sør slik at alle brukarar i vika kan få tenleg tilgang til sjøen. Det er snakk om felles bryggje med kapasitet for inntil 8 båter, og det vert anmoda om at ei slik lita endring ikkje krev reguleringsplan.

Håpar på positiv respons.

Med venleg helsing

Anders Eidsnes mfl

